

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i kontrollutval - Solund kommune

Utval: Kontrollutval - Solund kommune
Møtedato: 07.12.2012
Møtetid: 10.45
Stad: Møterommet.
Møtenr.: 5/2012
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet.
Melding til: Ordførar(møterett), revisor(møterett) og varamedlemer.
(Varamedlemer møter etter nærare innkalling).

Dersom du ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

- 36/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 37/12 Skriv og meldingar.
- 38/12 Plan for forvaltningsrevisjon.
- 39/12 Førespurnad om selskapskontroll – Lutelandet AS.
- 40/12 Oppfølgingsliste 5-2012.
- 41/12 Eventuelt

Hardbakke 30.11.2012

Rune Steinsund (s)
Leiar



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

sekretariatet er et kommunalt kontrollutval i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

036/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 30.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	07.12.2012	036/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

037/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 30.11.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	07.12.2012	037/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 25-12 Rapport frå Fylkesmannen om tilsyn etter barnehaglova, datert 26.10.2012.
SM 26-12 E-post frå KRYSS revisjon om forvaltningsrevisjonsprosjekt Solund –
Oppfølging av vedtak, datert 27.11.2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit
Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



**FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE**

SM 25-12

Sakshandsamar: Bodhild Therese Cirotzki
Telefon:
E-post: fmsfboc@fylkesmannen.no

Vår dato
26.10.2012
Dykkar dato

Vår referanse
2012/2669 - 611
Dykkar referanse

Solund kommune
Postboks 73
6921 Hardbakke

Tilsyn med Solund kommune –rapport

Vedlagt følger tilsynsrapport etter tilsyn 03.09.2012

Fylkesmannen avdekka eit avvik under tilsynet.

I samråd med Solund kommune, som no driv å utvidar kapasiteten ved Hardbakke barnehage, har vi sett frist for retting av avvik til 01.08.13.

Fylkesmannen ber om skriftleg melding innan denne datoen.

Med helsing

Åslaug Krogsæter
utdanningsdirektør

Bodhild Therese Cirotzki
rådgjevar

Vedlegg: Tilsynsrapport

Hovudkontor
Njesavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6300 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

TILSYN med Solund kommune –rapport

Solund kommune
Postboks 73
6921 Hardbakke

Fylkesmannen si tilsynsgruppe:
Bodhild Therese Cirotzki - revisjonsleiar
Berit Rygg – revisor

Kontaktperson i kommunen:
Gunnlaug Solvoll Røed

Regelverk:

- Lov om barnehagar
- Rammeplan for barnehagen
- Forvaltningslova

Tilsynet omhandla følgjande emne:

- Kommunen som godkjenningsmyndigheit jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2
- Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16
- Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen, jf. barnehagelova §§ 17 og 18
- Barnehagelova § 19 Politiattest

Fylkesmannen avdekka eit avvik under tilsynet.

Avvik 1

Solund kommune har ikkje godkjent Hardbakke barnehage i tråd med krav i barnehagelova.

Dato, 26.10.2012

Bodhild Therese Cirotzki, revisjonsleiar

Berit Rygg, revisor

Innhald:

1. Innleiing
2. Tema for tilsyn
3. Dokumentunderlag
4. Avvik
5. Merknad
6. Klagerett
7. Gjennomføring
8. Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Solund kommune 03.09. 2012. Tilsynet er ein del av Fylkesmannen sine pålagde tilsyn gjeve i oppdrag frå Utdanningsdirektoratet.

Tilsynet har merksemd på om kommunen oppfyller krav innanfor nemnde emne. Rapporten omtalar avvik som vart avdekka under tilsynet, og eventuelle merknader som vart gjevne. **Rapporten gjev såleis ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som barnehagemyndigheit.**

Formålet med tilsynet var å vurdere om Solund kommune har tilfredsstillande styring i forhold til regelverket. Tilsynet omfatta m.a. undersøking om:

- aktivitetar vart utførte slik som skildra og uttalt
- kommunen driv verksemda innanfor dei rammer som myndigheitene har sett

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgt opp i praksis.

- **AVVIK** er mangel på oppfylling av krav fastsette i eller i medhald av lov eller forskrift.

- **MERKNAD** er eit forhold som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik, men der tilsynet med utgangspunkt i krav frå myndigheitene avdekkjer eit forbettringspotensiale.

2. Tema for tilsynet

- Kommunen som godkjenningsmyndighet jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2
- Kommunen sitt tilsyn med barnehagen, jf. barnehagelova § 16
- Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen, jf. barnehagelova §§ 17 og 18
- Barnehagelova § 19 Politiattest

Tilsynet skal kontrollere at kommunen fører tilsyn med alle barnehagane i kommunen, og kommunen sin godkjenningspraksis. Tilsynet blir utført som systemrevisjon.

3. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn:

- organisasjonskart for kommunen
- delegasjonsreglement for kommunen
- kommunen si årsmelding eller tilsvarande
- årsrapport for barnehageområdet
- kommunale planar som beskriv barnehageområdet
- verksemdsplan og årsplan for barnehagane
- vedtekter for barnehage
- godkjenningsdokument for alle barnehagane i kommunen
- kommunen sin plan for tilsyn
- oversikt over gjennomførte tilsyn og tilsynsrapportar frå 2010 til dd
- dokumentasjon frå barnehage som er med i tilsynet som viser oversikt over styrarressurs, bemanning og barnegrupper slik dei er i dag
- kopi av søknad og kommunen si handsaming av søknad om dispensasjon frå utdanningskravet til styrar/pedagogisk leiar (dei tre siste)

4. Avvik

Avvik 1

Solund kommune har ikkje godkjent Hardbakke barnehage i tråd med krav i barnehagelova.

Barnehagelova § 10 Godkjenning.

"Kommunen avgjør søknad om godkjenning etter en vurdering av barnehagens egnethet i forhold til formål og innhold, jf. §§ 1, 1a og 2. Kommunen kan ved godkjenningen sette vilkår for driften med hensyn til antall barn, barnas alder og oppholdstid. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen."

Lovkommentar

Kommunen godkjenner barnehagedrift ut frå søknad, og etter vurdering av korleis barnehagen er eigna i høve formål og innhald jf. §§ 1, 1a og 2.

Kommunen skal gjere ei konkret vurdering av dei fysiske rammene, dvs. om lokala og uteområda er eigna for drift av barnehage. Kommunen skal fastsetje leike- og opphaldsareala inne. Kommunen skal vurdere om bemanninga er forsvarleg og om krav til pedagognorm er halden. Kommunen skal kontrollere vedtektene.

Ved godkjenning vert det i tillegg stilt krav om godkjenning etter anna regelverk som:

- Plan- og bygningslov 14. juni 1985 nr 77
- Byggforskrifta vedteken 22. januar 1997
- Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular vedteken 1. desember 1995
- Arbeidsmiljølova 17. juni 2005 nr 62
- Forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn vedteken 26. juni 2002
- Forskrift om tryggleik ved leikeplassutstyr vedteken ved kgl.res. 19. juni 1996 med heimel i lov 11. juni 1976 nr 79 om kontroll med produkt og forbrukarteneste

For å godkjenne barnehagen etter barnehagelova § 10 må godkjenning i anna regelverk ligge ved. Godkjenninga av barnehagar er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 b. Vedtaket skal vere skriftleg og grunngjeve.

Avviket byggjer på innlevert dokumentasjon og er stadfesta i intervju.

Solund kommune har ikkje skriftlege rutinar som sikrar at:

- godkjenning vert gjort med heimel i barnehagelova
- anna regelverk som vist til over vert lagt til grunn for endeleg godkjenning

- godkjenning vert gjort i form av enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova §17

5. Klagerett

Pålegg om endring er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b, og kan klagast til Utdanningsdirektoratet. Ei eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå det tidspunktet melding om vedtaket er kome fram til kommunen, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Om utforming av klage sjå forvaltningslova § 32.

6. Gjennomføring

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Varsel om tilsyn vart utsend 14.06.2012.

Kommunen sin frist for innsending av dokumentasjon var sett til 13.08 2012.

Opningsmøte vart gjennomført 03.09. 2012.

Det vart utført intervju med tre personar 2012.

Sluttmøte vart gjennomført 03.09.2012.

7. Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

Tabellen under viser ei oversikt over deltakarane frå kommunen.

Namn	Funksjon	Opringsmøte	Intervju	Sluttmøte
Ole Gunnar Krakhellen	Ordførar	X		
Erik Askeland	Administrasjons- sjef	X		X
Gunnlaug Olsvoll Røed	Rådgjevar	X	X	X
Anne Brith Tangenes	Styrrar Hardbakke barnehage	X	X	X
Linda Kristin Pollen	Pedagogisk leiar Hardbakke barnehage	X	X	X

Frå fylkesmannen deltok Berit Rygg og Bodhild Therese Cirotzki

SM26-12

Tveit Asgeir

Fra: Jonstad Steffen
Sendt: 27. november 2012 10:28
Til: Tveit Asgeir
Kopi: Litsheim Charles
Emne: Forvaltningsrevisjonsprosjekt Solund- Oppfølging av vedtak

Hei!

Syner til min førre mail av 10. september kring tidspunkt for ferdigstilling av forvaltningsrevisjonsoppdraget i Solund på ovannemnde prosjekt. Der melde eg attende at eg såg føre meg at eg skulle bli ferdig med prosjektet på denne sida av nyttår. I utskrift frå møtet i Kontrollutvalet 20.09.12 går det fram at kontrollutvalet ynskjer handsame rapporten i møte 07.12. i år.

Eg ser no at rapporten likevel ikkje vil bli klar til handsaming i kontrollutvalet på denne sida av året. Eg har hovudfokus på dette prosjektet no men har enno noko arbeid att før eg kan sende den til høyring hjå rådmannen – som har 14. dagars høyringsfrist og der evt merknader frå denne skal innarbeidast i rapporten før den kan sendast til kontrollutvalet for slutthandsaming.

Eg ser at møteplanen for 2013 for kontrollutvala enno ikkje er utarbeidd og lagt ut på nettet, og vi byrjar nærme oss juletider som kan ha konsekvensar for den praktiske gjennomføringa av høyringsfristar på rapporten. Mitt forslag er derfor at eg på det tidspunktet rapporten er klar for å bli sendt på høyring, samtidig varslar sekretariatet om at rapporten då vil vere klar vèl 14 dagar fram i tid, slik at dette kan leggjast inn som sak i føreståande møteplan. I praksis vil dette normalt bety at rapporten kan handsamast tidlegast ultimo januar, men mest truleg i februar 2013.

Dette som ny oppdatering på status i prosjektet.

Beste helsing

Steffen Ben Jonstad
forvaltningsrevisor, Kryss Revisjon
Mobil: 91 81 95 68
mail: steffen.jonstad@kryssrevisjon.no



038/12 PLAN FORVALTINGSREVISJON 2012 – 2016 - SOLUND KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 30.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	07.12.2012	038/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2012 - 2016 – Solund kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 006/12 og 32/12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Solund kommune for perioden 2012 – 2016.
- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:
 - 1.
 - 2.
 - 3.
 - 4.
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret:

PLAN FOR FORVALTINGSREVISJON 2012 - 2016- SOLUND KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal leggjast fram plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgang altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenesteområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *"Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd."*

I kontrollutvalsmøte 14.11.2012 i sak 032/12 "Overordna analyse" vart overordna analyse presentert av KRYSS-revisjon. Overordna analyse munna ut med forslag om følgjande aktuelle prosjekt:

- Kontroll av lønsområdet i kommunen «All over» eller sektorvis.
- KOSTRA- til hjelp i planlegging og styring.
- Sjølvkostberekningar.
- Evaluering av NN samarbeid.
- Tidsriktig rapportering til politisk nivå.
- Budsjettprosess/ fordeling av ressursar.
- «Korrekt handtering av din sak?»
- Oppfølging av vedtak i Solund kommune.
- KOSTRA- til hjelp i planlegging og styring?
- Gjennomgang av ulike reglement og arkivsystem/-ordning.
- Sjukefråværet – årsak og samanhengar.

- Økonomistyring.
- Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområder.
- Vurder IT/IKT samarbeid.
- Sjukefråveret
 - o Bruk av eigenmeldingar
 - o Fråværsregistreringar
 - o Personar på timelister.
- Organisering av tenestene i Solund kommune.

På grunnlag av overordna analyse skal kontrollutvalet lage ein plan for forvaltingsrevisjon som det skal tilrå for kommunestyret. Konkret blir kontrollutvalet si oppgåve å velje 4 – 6 prosjekt frå dei forslaga som ligg ovanfor, eller evt. andre prosjekt kontrollutvalet ynskjer å prioritere som skal leggjast inn i planen.

Det vert elles vist til vedlagte utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2012 – 2016.

Sekretariatet sine vurderingar

Sekretariatet er kjent med at det av fleire kommunar i Sunnfjord er valt prosjekt inn mot innkjøpsfunksjonen. Det har elles tidlegare i desse kommunane vore gjennomført fleire prosjekt inn mot VAR-sektoren, inn mot sjukefråvær og inn mot økonomistyring. I Nordfjordkommunane er det for tida fokus på vedlikehald av kommunale eigedomar. Med tanke på synergieffekt, vil val av eit av desse prosjekta kunne medføre ei meir effektiv gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Plan for forvaltingsrevisjon

Solund kommune

2012 -2016



Solund kommune

Innhold:

1. Innleiing
2. Prioritering

INNLEIING

1.0 Bakgrunn

I kommunelova § 77 pkt. 4 står det at kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltinga føregår i samsvar med gjeldande reglar og vedtak, og at det vert gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader (forvaltingsrevisjon).

Forskrift om kontrollutval § 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyder slik:

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkekommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

1.1. Kontrollutvalet si rolle

Kontrollutvalet ynskjer å medvirke til fornuftig ressursbruk og god forvaltning i kommunen, og ser forvaltningsrevisjon som eit verkemiddel til å oppnå dette. Kommunestyret har det øvste ansvaret for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon, og kan gje instruksar om kva prosjekt om forvaltningsrevisjon som skal setjast i verk. Kontrollutvalet har ei tingarrolle overfor revisor i høve til forvaltningsrevisjonen som skal utførast.

1.2 Tidsperspektiv

Kravet i forskrifta er at planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utarbeidd minimum ein gong i laupet av valperioden. Kontrollutvalet ser det ikkje som naudsynt å leggje planen fram for bystyret oftare med mindre det oppstår situasjonar i perioden planen gjeld for som gjer at kontrollutvalet finn dette føremålstenleg. Denne planen omhandlar prioriteringar og arbeid for perioden 2012 – 2015 eller fram til det vert laga ein ny plan.

1.3 Overordna analyse

Kontrollutvalet vil jobbe aktivt med å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på ulike område. Dette vil kunne skje gjennom ein dialog mellom kontrollutval, administrasjon, revisor og andre. Dette vil vere ein laupande prosess. Det er utarbeidd ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegskapsvurderingar. Analysen gjennomført av KRYSS-revisjon. Analysen er hovudgrunnlaget for prioriteringane i denne planen.

Føremålet med analysen har vore å framskaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen, slik at det i planen for forvaltningsrevisjon vert mogeleg å prioritere mellom ulike område der slike revisjonar vil vere aktuelle. Målet er å avdekke indikasjonar på avvik eller veikskap i forvaltinga sett i høve til lover, forskrifter og kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

1.4 Definisjon av forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er i kommunelova § 77, nr. 4 definert som ”..systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.”

Innhaldet i forvaltningsrevisjonen er ytterlegare utdjupa i forskrift om revisjon § 7, første ledd:

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om

- a) *forvaltinga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med bystyret sine vedtak og føresetnader*
- b) *ressursbruken og verkemidla til forvaltinga er effektive i høve til måla som er sett på området*
- c) *regelverket vert etterlevd*
- d) *styringsverktøya og verkemidla til forvaltinga er føremålstenlege.*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organa samsvarar med offentlege utgreiingskrav*
- f) *resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller om resultat for verksemda er nådd.*

Opplistinga er ikkje uttømmande.

PRIORITERINGAR

2.1 Generelt

Omfanget av forvaltningsrevisjon er avhengig av identifiserte behov og dei ressursar som vert stilte til rådvelde for oppgåva. Den gjennomførte analysen er ikkje uttømmande, og vil ikkje kunne ta omsyn til alle tilhøve. Han må sjåast på som eit verktøy til å gjere ei prioritering av område/tema som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon. Konkret formulering av prosjektet må ein kome attende til når tingingsdokument skal utformast.

2.2 Prioriterte område for forvaltningsrevisjon i perioden

Kontrollutvalet har med bakgrunn i overordna analyse og i det som er nemnt over vurdert følgjande område som aktuelle for forvaltningsrevisjon i perioden:

- 1.
- 2.
- 3.

Det kan tenkjast at kontrollutvalet gjennom sitt laupande arbeid vert kjent med tilhøve som etter utvalet si vurdering bør gjerast gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å få høve til eventuelt å gjere omprioriteringar av framlagde plan / setje i gong forvaltningsrevisjon der dette vert vurdert som naudsynt. Resultat av slike eventuelle forvaltningsrevisjonar vil bli rapportert til kommunestyret etter gjeldande retningsliner.

2.3. Rapportering av gjennomførte prosjekt

Kontrollutvalet vil laupande rapportere til kommunestyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomførde. I samsvar med forskrift om kontrollutval § 11 skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomførde og om resultatane av desse. Kontrollutvalet vil oppfylle rapporteringskravet anten ved å sende rapportane vidare til bystyret for handsaming, eller ved å sende dei til kommunestyret som meldingssak. Det vil også bli opplyst om gjennomførte prosjekt og prosjekt under arbeid i kontrollutvalet si årsmelding til kommunestyret. Vidare er det kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltingsrevisjon vert følgde opp.

039/12: SELSKAPSKONTROLL – LUTELANDET UTVIKLING – FØRESPURNAD

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

Dato: 23.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	07.12.2012	039/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå SF revisjon – «Selskapskontroll av Lutelandet Utvikling AS og prosjektplan», datert 31.10.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 033/12 Plan for selskapskontroll.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

SELSKAPSKONTROLL – LUTELANDET UTVIKLING – FØRESPURNAD

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Førespurnad frå kontrollutvalet i fylkeskommunen om felles eigarskapskontroll inn mot Lutelandet Utvikling A/S

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune gjorde fylgjande vedtak i sak 12/7038-1:

- 1. Kontrollutvalet bestiller utføring av eigarskapskontroll av Lutelandet utvikling i samsvar med utfylt bestillingsskjema.*
- 2. Bestillinga vert gjort med atterhald om at fylkestinget vedtek Plan for selskapskontroll slik den ligg føre*
- 3. Bestillinga vert sendt SF revisjon IKS.*

I samband med den formelle bestillinga frå kontrollutvalet i fylkeskommunen til SF revisjon, førespurde sekretariatet om SF revisjon kunne tenke seg å vere med på eit felles prosjekt der fleire av eigarane til Lutelandet utvikling AS er med.

SF revisjon stilte seg positiv til dette og sendte i brev til kontrollutvalet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune den 31.10.2012 oversyn over tilleggstimar pr. kommune og eit samla kostnadsoverslag pr. kommune.

Kostnadsråma for selskapskontrollen for Solund kommune er 34 000 – 47 000,- basert på tilleggstimar pr. kommune.

Lutelandet utvikling AS er eit selskap som har som oppgåve å marknadsføre Lutelandet som industriområde. Selskapet arbeider med energiselskap, industribedrifter, teknologiutviklingsmiljø, og forskingsinstitusjonar for å få utvikla prosjekta som skal gi liv på Lutelandet.

Fordeling av egedelane i Lutelandet utvikling er slik:

- Sogn og fjordane Fylkeskommune 48 %
- Fjaler kommune 34 %.
- Askvoll kommune 6%.
- Hyllestad kommune 6%.
- Solund kommune 6%.

Eigarskapskontroll inneber hovudsakleg å kontrollere at den som utøver eigarskapen for kommunen gjer dette i samsvar med gjeldande lover og reglar og i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Ifall kontrollutvalet ynskjer at Solund kommune skal delta i prosjektet, må saka handsamast i kommunestyret for å få midlar til prosjektet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Kopi til: Kontrollutvala i kommunane Fjaler, Askvoll, Hyllestad og Solund

Til
Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane
fylkeskommune

her

Selskapskontroll av Lutalandet Utvikling AS og prosjektplan

Viser til motteke bestilling av selskapskontroll av selskapet Lutalandet Utvikling AS. På bakgrunn av bestillinga har kontrollutvalet ytra ynskje om å få tilsendt ein overordna prosjektplan for gjennomføring av selskapskontrollen.

Vi har lagt ved prosjektplan for gjennomføring av kontrollen.

Reisetid er medrekna i timane. Jf. bestillinga har kontrollutvalet sett ei øvre økonomisk ramme på kr 100 000,- som vil utgjere om lag 125 timar. Dersom det gjennom prosessen syner seg at det vert behov for meir enn 125 timar vil vi ta kontakt med kontrollutvalet for nærare avklaring. Vi vil og ta kontakt med kontrollutvalet dersom det skjer uføresette ting som SF revisjon IKS ikkje kan påverke, og som fører til forseinkingar i forhold til oppsette plan.

Vi vil rapportere skriftleg i ein sluttrapport der innhaldet vil vere etterprøvbart. Sluttrapporten vil innehalde følgjande hovudkapittel:

- Innleiing
- Om selskapet
- Styret i selskapet
- Selskapets revisor
- Generalforsamlinga
- Eigarstyring
- Høyring
- Konklusjon og tilrådingar

Om eit eventuelt samarbeidsprosjekt:

I samband med den formelle bestillinga frå kontrollutvalet i fylkeskommunen fikk vi førespurnad frå sekretariatet ved Einar Ulla om SF revisjon kan tenke seg å vere med på eit felles prosjekt der fleire av eigarane til Lutalandet Utvikling AS er med. Vi har gjeve positiv attendemelding på førespurnaden. I tillegg til vedlagte prosjektplan som er sett opp i forhold til bestillinga frå kontrollutvalet i fylkeskommunen vil eit felles prosjektet medføre følgjande tillegg med omsyn til ressursbruk/timeforbruk per kommune:

Tilleggsarbeid per kommune:

-besøk til kommunen inkl. reisetid:	8 - 10 timar
-innsamling av data:	15 - 20 timar
-analyse av data:	15 - 20 timar
-rapport del om eigarstyring:	10 - 15 timar
-møte i kontrollutvalet vedr. handsaming av rapport:	7 - 10 timar

Sum tilleggstimar per kommune:

~~55~~ - 75 timar
40 - 55

34' - 47'

Med ein timepris på kr 850,- vil det samla kostnadsoverslag per kommune utgjere kr 47 000 - 64 000. Tilleggsarbeidet går på rutinane rundt eigarstyring i den ein skilde kommune.

Alt rundt selskapskontrollen som gjeld selskapet Lutalandet Utvikling AS er dekket i vedlagte ressurs- og timeforbruk for kontrollutvalet i fylkeskommunen.

Vi vil gjere dykk merksam på at benchmarking av kommunane og fylkeskommunen ikkje er med i kostnadsoverslaget.

Ved eit eventuelt samarbeidsprosjekt må kontrollutvalet i fylkeskommunen og kommunane ta stilling til om dei vil ha kvar sin rapport eller om dei vil ha ein fellesrapport der alle kommunane i tillegg til fylkeskommunen og deira rutinar knytt til temaet Eigarstyring vil vere omtalt i rapporten. Eit samarbeidsprosjekt vil medføre ein del ekstraarbeid slik at ein må pårekna at det vil ta om lag to månader ekstra i tid før ein eventuell fellesrapport vil vere klar for utsending sett i forhold til vedlagte tidsplan

Med vennleg helsing

Marianne Våra
Marianne Våra
Dagleg leiar/kontrollør

Vedlegg:

- E-post frå sekretariatet vedr. førespurnad om felles prosjekt
- Notat – planlagt ressurs- og tidsbruk for gjennomføring av selskapskontroll jf. bestillinga frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Oppdrag: KU-vedtak av 01.10.2012, sak 32/12	Klientnr.	Arkiv:
Oppdragsgjever: Sogn og Fjordane fylkeskommune v/kontrollutvalet	Utarbeida dato/sign 31.10.2012/MV	Ar: 2011
Sak: Prosjektplan- Selskapskontroll: Lutalandet utvikling AS – Internt notat	Gjennomgått dato/sign.	Side: 1 av 2

Notat oversendt sekretariatet v/Einar Ulla jf. avtale.

Planlagt ressurs- og tidsbruk:

Hovudområde	Timar	Veker	Periode
Planlegging <ul style="list-style-type: none"> • Prosjektplan • Oppstartsbrev • Oppstartsmøte • Kriteria 	10-15	½	Veke 45
Datainnsamling <ul style="list-style-type: none"> • Interne dokument • Eksterne dokument • Spørjeskjema • Intervju • Møter 	40-50	1-2	Veke 48, 49 og 50
Analyse <ul style="list-style-type: none"> • Vurdering av data/funn 	40-50	1-2	Veke 51, 01 og 02
Rapport <ul style="list-style-type: none"> • Verifisering • Databeskrivelse • Metodebeskrivelse • Høringsuttale • Sluttrapport 	20-30	1	Veke 03 og 04 Høring: Veke 06 og 07
Presentasjon kontrollutvalet <ul style="list-style-type: none"> • Førebuing • Presentasjon 	5-10		Overlevering av rapport: 1. mars
Totalt forbruk	115-145	4-5	

Leikanger 31.10.2012

Marianne Vara
Dagleg leiar/kontrollør

040/12 OPPFØLGINGSLISTE 5-2012 SOLUND

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 30.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Kommunestyre	07.12.2012	040/12 - -	- - -	Ja

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 5-2012 Solund.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 5-2012 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 5-2012 SOLUND

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 30.11.12

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 5-2012 - Solund.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Solund kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
06/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	11.02.09		Informasjon frå einingane. Kvartalsrapportar som skriv og melding. Tilsynsrapportar frå fylkesmannen som skriv og melding. Orientering frå revisor. Kvalitetsrapportar revisor vedrørende Solund. Årleg orientering byggjerekneskapar.
Sak 03/10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – oppfølging av vedtak i Solund kommune-tingingsdokument	11.02.10	Frist 28.02.2011	15.12.09: Vedtak kst om å avslutte gml prosjekt 03.02.10: Brev t KYRSS om å avslutte gml prsjkt 11.02.10: Vedtak KU – godkjent tingingsdok. 11.02.10: s. tinging til KRYSS-revisjon. 14.04.10 moteke førebels gjennomføringsplan. Sjå sak 21/12
Sak 11/10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt "Oppfølging av vedtak i Solund kommune" – førebels gif.pl.	20.05.10	Levering feb 2011	14.04.10 Motteke førebels gif.pl. 20.05.10 Teke til vitande 24.05.11 Munnleg oppdatering frå KRYSS. Arbeidet starta. Skrivinga gjenstår. 09.01.12 Bede om status frå KRYSS-revisjon. Sjå sak 21/12
021/12 Status forvaltningsrevisjonsprosjekt «Oppfølging av vedtak i Solund kommune».	20.09		10.09.12 E-post mellom KRYSS og SEKOM. 20.09.12 - Kontrollutvalet tek med grunnlag i statusrapporten frå KRYSS revisjon av 10.09.2012 for gitt at rapport for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Oppfølging av vedtak i Solund kommune" vert levert slik at han kan handsamast i kontrollutvalsmøtet i Solund 7. desember 2012. 21.09.12 Epost til KRYSS om vedtaket 27.11.12 E-post frå Kryss revisjon om lev tidlegast i januar/februar 2013
024/12 Godkjenning innkalling og sakliste	14.11.12		14.11.12 Vedtak KU – Ikkje merknader
025/12 Skriv og meldingar.	14.11.12		14.11.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
026/12 Prosjektrekneskap – Prosjekt nr 2460 – Forprosjekt veg Tangenes	14.11.12		14.11.12 Tilråding til kst. 15.11.12 s. kst.
027/12 Prosjektrekneskap – Prosjekt nr 2230 – Oppgradering av kom vegar	14.11.12		14.11.12 Tilråding til kst. 15.11.12 s. kst.
028/12 Prosjektrekneskap – Prosjekt nr 2690 – Energi- og klimaplan	14.11.12		14.11.12 Tilråding til kst. 15.11.12 s. kst.
029/12 Prosjektrekneskap – Prosjekt nr 2560 – Rehab toalettfløy og skulekjøkken.	14.11.12		14.11.12 Tilråding til kst. 15.11.12 s. kst.
030/12 Prosjektrekneskap – Prosjekt nr 2540 – Ombygging bankbygg.	14.11.12		14.11.12 Tilråding til kst. 15.11.12 s. kst.
031/12 Prosjektrekneskap – Prosjekt nr 1720, 2190 og 2240 – Tilrettelegging bustadfelt med meir	14.11.12		14.11.12 Tilråding til kst. 15.11.12 s. kst.

032/12 Overordna analyse	14.11.12		14.11.12 Vedtak KU: <ul style="list-style-type: none"> - Det vert vist til dokumentet Overordna analyse for Solund kommune, datert 19. oktober 2012 og presentasjon av Overordna analyse av Kryss revisjon. - Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2016. - Plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram som sak i neste møte i kontrollutvalet.
033/12 Plan for selskapskontroll	14.11.12		14.11.12 Tilråding til kst. 15.11.12 s. kst.
034/12 Oppfølgingsliste 4-2012	14.11.12		14.11.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
035/12 Eventuelt	14.11.12		14.11.12 Vedtak KU – Ikkje teke opp saker.

Oppdatert 30.11.2012

041/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 30.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.11.2012	041/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Vedtak:

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.